



Rune Hjørnevåg får no kjøpa tomt på Børnes.

Etter mykje fram og attende er det no endeleg bestemt i kommunen at Rune Hjørnevåg får kjøpa tomta på Børnes som han har søkt om for lenge sidan.



Saksbehandlar Jarle Fossheim skriv til Hjørnevåg at avgjerda vart teke i møte 9. november og at uskedelingen dermed får kjøpa frådela tomt 134/93. Tomta er betalt og Hjørnevåg har skreve under på avtala.

- Dette er den same tomte som eg har vore interessert i heile tida. Det er eit "kakestykkje" på eitt og eit halvt mål som ligg vis a vis Hjørnevåg-bygningane, fortel Rune til uskedalen.no.

Han skal byggja lokale for firmaet sitt – RH Racing, som sel modell-farkostar og drivstoff for desse. Verksemda tok skikkeleg av våren 2006 då Rune overtok eigarskap og produksjon av Modell Racing Fuel.. No held han til på Eikelandet.

Rune har enno ikkje inngått avtale med noko bestemt byggjefirma, men han håpar at tomte kan bli rydda over nyttår slik at han kjem i gang med byggjinga snarast mogeleg. Huset han treng kan tidlegast vera klart til sommaren.

Sommaren 2007 var ikkje nokon god sommar med omsyn til sal, opplyser Rune..

- Eg burde ha selt meir. Men totalt sett har eg vel korkje tjent eller tapt førebels, seier han og tek fatt med tru på framtida for RH Racing.

Av Ola Matti Mathisen